



Notat

Til: Ingrid Bjørge Pedersen

Kopi til:

Saksbehandler: Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning/Torkjell Holm Brenna
Vår referanse: 23/5140 - 5 / GBNR-438/74, FA-L41
Dato: 06.07.2023

Emne: Intern oversendelse - gbnr 438/74 Helland

Tiltak: Førehandskonferanse
Byggjestad: Gbnr: 438/74
Tiltakshavar: Stine Crowo Olsen
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Plan og byggesak ved Ingrid Bjørge Pedersen har bedt om uttale til førehandskonferanse. Avdeling for SVVA forvaltning uttalar seg nedanfor på dei konkrete punkta som vert etterspurt.

1. Plassering av bygg i forhold til eksisterende ledningsnett:

Innmåling for borehol under tomten er ca. plassering. Det bør kartleggjast innløp og utløp av boreholet for å finne nøyaktig profil og retning i terrenget. Boreholet må også takast omsyn til ved eventuell sprenging eller graving i nærleiken.

I forhold til lokalisering for boreholet har ein driftsoperatør kommentert:

«Boreholet sitt innslag er ca. 2 meter sør for kum med SID 1102, og ikkje vist på kart. Dei gravde ikkje opp vegen, men bora seg under denne».

Kartutsnitt nedst viser kum med SID 1102.

Saka ser elles grei ut med dei avstandane som ligg føre.

2. Flytting av avkjørsel noe lengre sør. Her er det ikke endelig avklart konkret plassering.

Avkjørselen til eigdommen går til ein privat veg. Det er vegens styre og grunneigar som må godkjenne avkjørselen til deira veg. Det må i tillegg søkjast om utvida bruk av avkjørsel frå offentlig veg i krysset lengre nord, som nemnt i punkt 3. Kva som er beste tekniske løysing for avkjørselen har vi ikkje sett på.

3. Det er nødvendig å søke om utvidet bruk av eksisterende avkjørsel inn på kommunal vei i nord, vil det bli stilt krav til utbedring av denne avkjørselen eventuelt er det påregnelig at en kan få løyve til utvidet bruk?

Ja det er naudsynt å søkje om utvida bruk av eksisterande avkøyrse inn på kommunal veg, og det kan påreknast å få løyve til utvida bruk. I avkøyringsløyve vil det verte sett tekniske krav jamfør reglar fastsett av Vegdirektoratet i forskrift, vegnormal og veglova.

Vedlagt kartutsnitt av VA borehall og kummer ved tomte:

